



Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

1/2007

April • Årgang 14



## Rett frå dunken

### Prisar som i fjor

Prisane for levering av avfall på miljøsentralane er dei same i 2007 som i 2006. Det kostar 100 kr for å levera mengder opptil 1,5 kubikk. For mengder mellom 1,5 og 3 kubikk er prisen 200 kroner. For mengder over 3 kubikk skal det betalast kilopris (etter vekt).

**Hugs:** Det er ikkje alt avfallet du treng å betala for ved levering. Hageavfall, farleg avfall, EE-avfall, glasflasker og hermetikk er døme på fraksjonar som er gratis å levera på miljøsentralen, men som du betalar for gjennom renovasjonsgebyret.

### Rett abonnement til alle

SIM si renovasjonsordning er fleksibel. Mange kundar kan spare pengar på å gjera endringar i abonnementet. Kontakt SIM dersom du er i tvil om du har rett storleik på dunkane dine eller høvande tømmefrekvens. Å dela dunkar med andre, kan også vera ein måte å spare pengar på.



*Hyggeleg prat om alvorleg emne. Kundehandsamar Olaf Skram forklarar søskena Rolf og Malene Solli kvifor EE-avfall skal leverast til miljøsentralen.*

# Velkommen på miljøsentralen

Våren er her, og nokon kvar treng å få rydda. Avfallet leverer du enkelt til ein av SIM sine miljøsentralar. På miljøsentralen kan du levera avfall som du ikkje får plass til i bosdunken, eller som du ikkje har lov til å kvitta deg med på den måten. Skulle du i same slengen ha bruk for eit lass kompostjord, ordnar me det, òg.

I dette bladet finn du råd og tips som vil gjera det enklare for deg å vera avfallskunde. Ytterlegare spørsmål kan rettast til SIM sine kundehandsamarar på tlf. 53 45 78 50. Med ynskje om ein grøn vår og varm sommar.

*Alle oss på SIM.*



## Slik sorterer du ...

... på SIM sine miljøsentralar:

- Hageavfall
- EE-avfall
- Folieplast
- Kvitevarer
- Papp og papir
- Farleg avfall
- Trevirke
- Dekk
- Metall
- Restavfall
- PCB-haldige vindauge
- Glas og hermetikkboksar
- Trykkimpregnert materiale

## Dunken skal heim

Det er kvar abonnent sitt ansvar å dra dunken heim etter tømning. Spar naboen til tømmeplassen for å irritera seg over bosdunkar som vert ståande i dagevis.

## Sikra avfallet ved transport

Sjåføren har ansvar for at avfall som skal til miljøsentralen er forsvarleg sikra på tilhengjaren. Unngå at bos vert liggjande langs vegen som følgje av dårleg sikra last.

## Ikkje overfyll dunkane

Bosdunken skal ikkje fyllast meir enn at loket kan lukkast, evt. at "muleband" kan knytast for sekken. Avfallet må heller ikkje pakkast tettare enn at behaldaren lett kan tømmast (jmfr. forskriftene). Kontakt SIM dersom du ynskjer større bosdunkar.

## Gråsekk for ekstraavfall


Vart det ikkje plass i restavfallsdunken? Då kan ein "gråsekk" vera løysinga. Ekstrasekken får du kjøpt på kommunehuset eller miljøsentralen for kr 40 per stk.



## Kvar vert avfallet av?

SIM har laga ein brosjyre som informerer om kva som skjer med avfallet etter at du har levert det. Brosjyren får du på våre miljøsentralar.

# EE-avfall skal leverast inn



*Liten, men likevel full av giftstoff. Den øydelagde mobiltelefonen skal leverast inn, seier Kjell Aasheim.*

giftene vert fjerna. EE-avfall som ikkje er farleg, eller ikkje kan brukast i nye produkt, vert for det meste brent med energitnytting, seier Skram.

## Farleg avfall

Alle som produserer farleg avfall - private som næringsdrivande - har plikt til å levera avfallet til innsamlar eller godkjent mottak. Likevel hamnar 10% av alt farleg avfall som vert produsert her i landet i naturen, til stor skade for menneske, dyr og miljø.

Alt farleg avfall kan leverast til miljøstasjonen i din kommune. Privatpersonar leverer gratis, men må betala restavfallspris for PCB-vindauge og store mengder trykkimpregnert materiale. Verksemder som genererer meir enn 1 kg farleg avfall i året, pliktar å levera dette til lovleg mottak. Avfallet skal deklarerast på eige skjema godkjent av SFT.

## Døme på farleg avfall

- Spillolje
- Måling, lim og lakk
- Sprayboksar
- Reingjeringsmiddel
- PCB-vindauge (produsert 1965-1980)
- Trykkimpregnerte materialar

## Døme på EE-avfall

- Mobiltelefonar
- Lysstoffrør, sparepærer og vanlege pærer
- Bilbatteri, oppladbare batteri og knappcellebatteri
- Leiker som blinkar eller bråkar
- Fjernstyrte bilar
- Blinkande joggesko

Kjell Aasheim tenkjer miljø: Han leverer inn den øydelagde mobiltelefonen sin til miljøsentralen.

**- Telefonen er full av giftstoff. Gifta må ikkje få koma ut i kretsløpet, difor kvittar eg meg med telefonen på denne måten, seier den miljøbevisste pensjonisten.**

I Noreg er me verdsmeistrar i innlevering av kasserte elektriske- og elektroniske produkt. Berre ikkje når det gjeld småapparat.

For framleis er det slik at to av tre øydelagde mobiltelefonar, elektriske leiker, klokker, radioar, barbermaskinar og andre småapparat hamnar i restavfallet, trass i at dette er produkt som inneheld farlege stoff som kvikksølv, kadmium og brom.

- Alt EE-avfall kan leverast til miljøsentralen, eller til forhandlar som sel slike produkt. Det kostar ikkje noko å levera, seier kundehandsamar Olaf Skram på SIM.

**- Kva skjer vidare med EE-avfallet?**

- Det vert sendt til fabrikkar på Austlandet, der miljø-

# - Den beste kompostjorda er klar

- Den beste kompostjorda og plenblandinga kjøper du hjå oss, reklamerer operatør Einar Breivik på SIM sitt komposteringsanlegg i Svartasmoget.

Akkurat no har han mykje kompostjord/plenblanding på lager. Produktet er populært som jordforbetningsmiddel i hagar med skrin jord, og som topplag på grasplenar og i bed.

Kompostjorda/plenblandinga kan kjøpast på alle SIM sine miljøsentralar. Prisen er kr 150 for ein liten tilhengjar. For større mengder kostar det kr 300 per tonn. Kunden må sjølv ha med tilhengjar.



- Hagens beste ven, seier operatør Einar Breivik og viser fram den grøderike kompostjorda.

## Heimekompostering krev avtale

Du kan laga di eiga hagejord ved å kompostera matavfallet ditt. Men før du kan setja i gang må du ha inngått avtale med SIM. M.a. er det krav til kompostbingen. Komposterer du sjølv, sparar du kostnadane med biodunken. Nærare informasjon får du hjå SIM på tlf. 53 45 78 50.

## Maispose i biodunken

Å plassera ein maispose i dunken, kan vera eit godt råd til alle som slit med flugemakk i biodunken sommarsdagen. Maisposane kan kjøpast i daglegvarehandelen eller hjå SIM. Godt reinhald av dunken med spyling etter kvar tømning vil også motverka problema. Biodunken bør stå i skuggen, og bioposane lukkast godt igjen.

## Plastsortering kjem

SIM vil i løpet av 2007 setja i gang ei prøveordning med innsamling av mjukkplast; anten i ein heil kommune eller i deler av kommunen. Inntil vidare kan dei som ynskjer det få store sekker av SIM til å samla plast i. Plasten må rett nok fraktast til miljøsentralen, men det kostar ikkje noko å levera. Sorterer du ut plasten, kan du kanskje klara deg med ein mindre (og billigare) restavfallsdunk.

## Kun for hyttekundar

SIM sine hyttekonteinrar skal kun nyttast av dei som betalar gebyr for fritidsbustad. Meld frå til SIM på tlf. 53 45 78 50 dersom konteinaren er full eller boset flyt på utsida.


## Manglande tømning

Kontakt SIM Transport (tlf. 53 45 66 00) så snart som råd er dersom dunken din ikkje er vorten tømt. Det er lettare å få dunken tømt når bos bilen er i ditt område enn når den er i gang med ei anna tømmerute.

## Ulikt renovasjons- og slamtømmegebyr

### Abonnementsgebyr for hus i 2007

(i kr, inkl. mva):




I tillegg kjem gebyr for dunkane. Desse er like i alle kommunane. Kvinnherad har i 2007 lågare gebyr enn SIM.

SIM har som målsetjing at alle kundar i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Tysnes og Sveio skal ha like renovasjons- og slamtømmegebyr. Slik er det diverre ikkje enno. Rett nok er prisane som SIM tek like for alle kundar (brun søyle).

### Slamtømmegebyr for heilårshus i 2007

(i kr, inkl. mva):



■ Kommunal eigenkostnad ■ Gebyr til SIM

Men oppå SIM sine prisar legg kommunane eit påslag, for å dekkja sine egne kostnader med renovasjons- og slamtømmeordninga. Påslaget varierer frå kommune til kommune (blå søyle). Dermed vert også gebyra ulike.

Sendar:

## OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmoget  
N-5419 Fitjar



# Avtale om ryddedugnad våren 2007

Velforeiningar, burettslag og andre som arrangerer ryddedugnad i buområdet sitt våren 2007, kan gratis levera avfallet til SIM i løpet av vekene 16-21.

Vilkåret er at ein har inngått ryddeavtale med SIM. Det får ein ved å fylla ut skjemaet nedanfor og senda det til SIM, Svartasmoget, N-5419 Fitjar. Avfallet må leverast i spesielle sekker. Desse får ein tilsendt så snart SIM har motteke det utfylte skjemaet.

### RYDDEAVTALE

Område som skal ryddast:		
Namn på velforeining/burettslag:		
Tal sekker som trengst:		
Kvar skal boset hentast:		
Ansvarleg kontaktperson:	Namn:	
	Gate:	
	Postnr.:                      Poststad:	
	Telefon på dagtid:	
E-post:		
Godkjent av SIM	Dato:	Signatur:

### Vilkår:

Sekkene må plasserast ved avtalt hentestad på vanleg hentedag for restavfall (sjå tømme kalenderen). Det er også mogeleg å levera sekkene til miljøsentralen. Hugs i så fall å ta med kopi av avtale-skjemaet.

SIM kan berre ta med avfall som det er plass til i bossekken. Grov-

avfall, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall må leverast til miljøsentralen på vanlege vilkår.

Det kan ikkje lagast gratis ryddeavtale for område som kommunen, næringsdrivande, vegstellet eller arrangørar har eige ryddeansvar for etter forureiningslova.

SIM kan vera med og diskutera løysingar for skular, barnehagar og andre som vil rydda rundt anlegga sine, eller gjera ein ryddejobb for næringslivet. Gratislevering kan me berre tilby private, velforeiningar og burettslag som ryddar i buområdet sitt, avdi desse kjem inn under den kommunale renovasjonsordninga (hushaldsavfall).

## Opningstider miljøsentralane

### Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00 – 14.00.  
Pinseaftan stengt.

### Bømlo, Hollundsdalen

Tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00 – 14.00.  
Pinseaftan stengt.

### Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00  
Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
kl. 09.00 – 14.00.  
Torsdagar f.o.m. 1. april t.o.m.  
30. september kl. 08.00–18.00.  
Julaftan og nyttårsaftan stengt.  
Påskeaftan stengt.

### Kvinnherad, Husnes industriområde

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00  
Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.  
Påskeaftan stengt.

### Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (oddetalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.  
Julaftan og nyttårsaftan stengt.  
Pinseaftan stengt.

### Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00  
Annankvar laurdag (partalsveker)  
f.o.m. 1. april t.o.m. 30. september  
kl. 09.00–14.00.  
Påskeaftan stengt.



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmoget, N-5419 Fitjar  
telefon: 53 45 78 50  
telefaks: 53 45 78 60  
e-post: sim@sim.as  
www.sim.as

**SIM**